



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

fredag 7. desember 2012 kl. 11.45–17.45

med lunsj kl. 11.00 og julebord kl. 19.30

Til stades

Reidar Sandal (leiar), Sigrun Høgetveit Berg, Georg Arnestad, Torunn Hovland Ljone, Grete Riise, Jon Østbø, Anders Aanes, Gaute Øvereng (sak 80/2012), Inger Johanne Sæterbakk (sak 81/2012), Ottar Grepstad (sekretær, ikkje sak 86/2012)

Forfall

Bente LaForce, Wegard Harsvik

Sakliste

Konstituering

72/2012 Innkalling og sakliste

73/2012 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

74/2012 Referatsaker

75/2012 Orienteringssaker

76/2012 Personalsaker

Vedtaksaker

77/2012 Rekneskap januar – oktober 2012

78/2012 Prognose 2012

79/2012 Løyvingar Vinjefondet 2012

80/2012 Drifts- og investeringsbudsjett 2013

81/2012 Budsjett, innhald og strategi Språkåret 2013

82/2012 Ulvik Poesifest

83/2012 Søknader om offentlege tilskot 2014

84/2012 Årsmelding 2012

85/2012 Styremøtet mai 2013

86/2012 Evaluering av og løn til direktøren

Saker til drøfting

87/2012 HMT-plan 2013 – 2014

88/2012 Program Nynorsk kultursentrum i Språkåret 2013

89/2012 Resultatvurdering haustsesongen 2012

90/2012 Strategi sesongar

Før møtet tok til, hadde styret synfaring i det ombygde Galleriet.

Konstituering

72/2012 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

73/2012 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 26.9.2012 er godkjend.

Saker til orientering

74/2012 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

75/2012 Orienteringssaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

76/2012 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

77/2012 Rekneskap januar – oktober 2012

Vedtak

Styret tek rekneskap januar – oktober 2012 til vitende.

78/2012 Prognose 2012

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

79/2012 Løyvingar Vinjefondet

Vedtak

1. Styret gjer slik vedtak om dei einiskilde søknadene:

01/12 Firda Media AS, 6800 Førde: Nynorsk avissenter

1. Vinjefondet løyver 400 000 kr til Nynorsk avissenter i 2012.
2. Vinjefondet gir tilsegn om 300 000 kr i 2013 og 300 000 kr i 2014 under føresetnad av budsjettvedtak i Stortinget og statusrapportar frå Firda Media AS.

02/12 Framtida.no, 0130 Oslo: Språkprosjekt

1. Vinjefondet dekkjer til vanleg inntil 50 % av budsjetterte kostnader.
2. Styret viser til vedtak om søknaden for 2011 som inneber at vilkåra for nytt tilskot ikkje er oppfylte. Styret opnar for å vurdere søknaden på ny når all informasjon ligg føre, med ei øvre ramme for løyving på 250 000 kr. Ein slik søknad må liggje føre innan 20.1.2013.

03/12 Vest-Telemark blad, 3836 Kviteseid: Inspirert av nynorsk

1. Vinjefondet kan ikkje gi midlar til å betale avisabonnement.
2. Vinjefondet dekkjer til vanleg inntil 50 % av budsjetterte kostnader.
3. Vinjefondet bed om ein revidert søknad for skuleringskurset innan 20.1.2013. I den søknaden bed vi om ei vurdering av samarbeid med LLA-prosjektet «Det store språkløftet i

lokalavisene» som alt har fått midlar frå Vinjefondet, og ei vurdering av korleis kurset kan verke inn på bruken av nynorsk i avisa.

04/12 Bømlo-nytt AS, 5430 Bremnes: Utvikling av nettavis

1. Vinjefondet løyver 200 000 kr til Bømlo-Nytt for å styrkje redaksjonen i ein gitt periode.
2. Vinjefondet løyver ikkje pengar til utvikling av nettavis, men fordi ei styrking av redaksjonen kan vere godt for språkbruken i utviklinga av nettavisa. Dette punktet i søknaden må difor utvidast.
3. Løyvinga er gitt under føresetnad av ei meir utførleg prosjektskisse innan 20.12.2012 der det kjem tydeleg fram korleis avisa/journalisten skal få styrkt språkkompetansen.

2. Styret drøftar eventuelle endringar i retningslinjene og andre sider av Vinjefondet på styremøtet i februar 2013.

80/2012 Drifts- og investeringsbudsjett 2013

Vedtak

1. Styret godkjenner drifts- og investeringsbudsjett for 2013 under føresetnad av at drifta kan finansierast.
2. Styret handsamar budsjettet på nytt i februar når årsrekneskapen for 2012 er avslutta og det eventuelt er gjort avsetjingar av ubundne midlar.
3. Styret drøftar investeringsbudsjett for basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret på møta i februar og mai 2013.
4. Styret avgjer på styremøtet i september 2013 om grunnlaget er til stades for opning av basisutstilling ved Olav H. Hauge-senteret 10.5.2014.

81/2012 Budsjett, innhald og strategi Språkåret 2013

Vedtak

1. Styret godkjenner budsjettet for 2013 med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret godkjenner at inntil 600 000 kr blir sett av til ei støtteordning for lokale prosjekt. I samråd med direktøren utformar prosjektleiaren eit tonivåsystem for vurdering av alle søknader for denne ordninga.
3. Styret bed om prognose til møtet i mai.
4. Styret bed om tiltaksplan for 200-årsdagen med prosjektbudsjett til styremøtet i februar.

82/2012 Ulvik Poesifest

Vedtak

Styret gir styreleiaren fullmakt til å arbeide vidare med framtida for Ulvik Poesifest på grunnlag av saksførelegg, informasjon og drøfting i møtet, og tek sikte på ei første avklaring på neste møte.

83/2012 Søknader om offentlege tilskot 2014

Vedtak

1. Administrasjonen arbeider vidare med søknader om offentlege tilskot 2014 på grunnlag av drøftinga i styret.
2. Nynorsk kultursentrum bed om møte med politisk leiing i Kulturdepartementet vinteren 2013 om behovet for investeringsmidlar i basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret.

84/2012 Årsmelding 2012

Vedtak

På grunnlag av drøftinga i møtet får styret framlegg til styrets årsmelding seinast 11.2. med merknadsfrist 15.2. Styret gjer endeleg vedtak på møtet 25.–26.2.

85/2012 Styremøtet i mai

Vedtak

Styremøtet i Reykjavík blir måndag 3. og tysdag 4. juni 2012.

86/2012 Evaluering av og løn til direktøren

Vedtak

1. Løna til Ottar Grepstad som direktør for Nynorsk kultursentrum blir ikkje lenger knytt til noko lønssteg i lønssystemet i Virke.
2. Årsløna til Ottar Grepstad som direktør for Nynorsk kultursentrum blir fastsett til 800 000 kr med verknad frå 1.5.2012.

Saker til drøfting

87/2012 HMT-plan 2013 – 2014

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

88/2012 Program Nynorsk kultursentrum i Språkåret 2013

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i det vidare arbeidet med program i Språkåret 2013 og ønskjer eigen programplan for 200-årsdagen 5.8.2013 til styremøtet i februar.

89/2012 Resultatvurdering haustsesongen 2012

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta med i det vidare arbeidet med utvikling av kulturprogram.

90/2012 Strategi sesongar

Vedtak

Saka blir utsett til eit seinare styremøte.

Godkjend protokoll

Protokollen frå styremøte 7. desember 2012 er godkjend i møte 25. februar 2013.

Reidar Sandal

Torunn Hovland Ljone

Georg Arnestad

Jon Østbø

Grete Riise

Sigrun Høgetveit Berg

Anders Aanes

Ottar Grepstad